



Øystre Slidre kommune

2940 Heggenes

Sak nr. 0033/02

PLAN FOR DRIKKEVATN TIL ROGNE

Ark.: M10

Arkivsaksnr.: 02/00625

Styre / råd / utval	Møtedato	Saknr.
Formannskapet	16.05.2002	0033/02
Kommunestyret	23.05.2002	/02

Saksbehandler: Olav Talle

Utskrift til: Sektor for Kultur, utvikling og næring

Bakgrunn for saka

Fylkesmannen har i brev av 14.03.02 konkludert med at vedtak i Øystre Slidre kommunestyre den 13.04.00, sak 32/00, om godkjenning av Mellsenn som råvasskjelde for Kollstad Vassverk AL, må opphevast.

Kommunen må ut frå dette vurdere alternative løysingar for drikkevatt til Rogne, og rådmannen ønskjer å setja i gang eit forprosjekt for å utgreie alternative løysingar.

Saksopplysningar

Formannskapet valde i 1992 ei arbeidsgruppe som fekk ansvaret for å få utarbeidd "Hovudplan vassforsyning".

Sivilingeniør Carl.H Knudsen AS fekk oppdraget og la fram ein hovudplan for vassforsyning 25. august 1992.

I arbeidet med planen vart det vurdert i alt 7 kjelder: 3 overflatekjelder og 4 grunnvasskjelder.

Den 08.10.92 godkjende kommunestyret "Hovudplan vassforsyning" slik:

"Beitostølen - Midtre Hegge

- ° Olevatn utbygges gradvis som hovedkilde for Beitostølen-området.
- ° Olevatn utbygges også for å forsyne Midtre Hegge med med drikkevann under forutsetning av at det blir nyetableringer innen næringsvirksomhet/bebyggelse på strekningen helsesportsanlegget-Skammestein.
- ° Dersom ovennevnte forutsetninger ikke er til stede, anbefales grunnvannsreservoaret ved Storåne utbygget for å forsyne Midtre Hegge med drikkevann.

- Beitotjern Vassverk beholdes som reservevannverk.

Heggenes - Volbu - Rogne - Kolstad

- Grunnvann fra Sandtangen utbygges for Heggenes - Volbu - Rogne og med mulighet for å levere vann til Kollstad Vassverk.
- Det bygges fullrenseanlegg for Vindin Vassverk.
- Det bygges separat jordvanningsanlegg for Volbu med inntak i Volbufjorden."

Det vart vald ei eiga nemnd som skulle avklare eigartilhøve/forsyningsområde for dei ulike vassverka, innan dei rammer som hovudplanen sette. Slutføring innan sommaren 1993.

Inntil handlingsplan vart vedteken vedtok kommunestyret å prioritere:

- Nødvendig mindre forsterking som sikrar vassforsyninga på Beitostølen.
- Sikring av kvaliteten på vatnet i Vindin Vassverk, i samsvar med tilrådinga i hovudplanen når det gjeld etappeutbygging i dette forsyningsområdet.

I sak 93/49, den 08.07.93, vedtok kommunestyret: Framtidig vassforsyning i Øystre Slidre, eigartilhøve og forsyningsområde for vassverka og forslag til årlege handlingsplanar for vassforsyningssektoren:

- "1. Vassforsyningsnemnda får mandat til å følgja opp vedtaket i denne saka.
2. Vassforsyningsnemnda vidarefører drøftingane med Ole Vannverk og Kollstad Vassverk slik det går fram av saksutgreinga framom. Vassforsyningsnemnda slutfører framlegg til avtale med Vindin / Moane Vassverk. Avtalane skal vise tydeleg kva det vil seia å ha eit totalansvar for vassforsyning i sitt forsyningsområde.
Kommunen forlengar avtale med Beito Vannverk om fortsatt levering av vatn til delar av Beitostølen/Garliområdet, samt forhandlar fram ny avtale om framtidig funksjon som reservevasskjelde.
3. Kommunestyret godkjenner forsyningsområda og eigartilhøva som er skissert for dei ulike vassverka.
Ole Vannverk skal ha sitt forsyningsområde frå Garli i nord til Midtre Hegge (Varpet) i sør. Kommunen forhandlar med sikte på kommunal overtaking. Vindin Vassverk skal ha sitt forsyningsområde frå Nordtorp (Varpet) i nord til grense med Kollstad Vassverk i sør (Rogne skule / gnr. 44). Vindin Vassverk skal vera privat. Kollstad Vassverk skal ha sitt forsyningsområde frå Rogne skule / gnr. 44 til Nord-Aurdal grense. Kommunen forhandlar med sikte på at vassverket framleis skal vera privat.
4. Prosjektering av renseanlegg for Vindin kan starte opp no. Kommunalt tilskott kr 700.000,- for 1993.
5. Inntil kr 1.000.000,- vert i 1993 stilt til rådvelde for høgdebasseng og samanknytingsledning på Beitostølen så snart nødvendige avtalar om overtaking av Ole Vannverk er godkjent av kommune og fylkeskommune.

6. Kommunen tek stilling til konkrete løyvingar til vassutbygging ved kvart årsbudsjett. Denne handlingsplanen vert lagt til grunn.
7. Hovudutvalet for teknisk sektor skal leggja fram ei eiga sak om tilsyn, vedlikehald og drift av vassverka i kommunen. Saka skal danne grunnlag for årsbudsjett 1994."

Vurdering

No, 9 år seinare, ser vi at mange av måla i vedtaket frå 1993 er nådde, eller er i ferd med å bli nådde:

- Beito kommunale vassverk har vore i drift nokre år, nye samanbindingsleidningar gjennom Beitostølen sentrum erstattar gamle leidningar med dårleg kapasitet, og vatnet vert ført til nytt høgdebasseng på Garli ved årsskiftet 02/03. Kundane til Beitotjednet vert tilknytt Ole vassverk 1. juli i år.
- Vindin vassverk er utbetra og er den siste tida slått saman med Moane vassverk. Volbu har fått eige jordvatningsanlegg.
- Det er avtale med Kollstad Vassverk AL om levering av drikkevatt til Rogne skule og -barnehage. Leidningen vart ferdig lagd i vår.

Etter at kommunen fekk brev frå Fylkesmannen, har det vore halde møte med styrerepresentantar frå både Kollstad Vassverk AL, den 10.04.02, og Vindin Vassverk, den 18.04.02, for å drøfte løysingar for å skaffe vatn til Rogne.

Det er semje om å setja i gang eit arbeid snarast råd for å vurdera alternative løysingar. Rådmannen er innstilt på å engasjere eit konsulentfirma til å utføre eit forprosjekt som drøftar og foreslår alternative løysingar i forhold til tidlegare godkjend plan for vassforsyning og forsyningsområde, og der det vert sett på nye alternativ for vassforsyning for Rogne. Det må i forprosjektet undersøkjast moglege tilskottsordningar og vurderast framtidige eigartiløve og samarbeidsformer.

Rådmannen rår formannskapet til å legge saka fram for kommunestyret med slik innstilling:

1. Kommunestyret godkjenner at det vert engasjert eit konsulentfirma til å utføre eit forprosjekt som drøftar og foreslår alternative løysingar i forhold til tidlegare godkjend plan for vassforsyning og forsyningsområde, og der det vert sett på nye alternativ for vassforsyning for Rogne. Det må i forprosjektet undersøkjast moglege tilskottsordningar og vurderast framtidige eigartiløve og samarbeidsformer.
2. Finansiering av forprosjektet vert behandla i samband med budsjettrevisjon i kommunestyret i juni i år.
3. Kommunestyret skal godkjenne forprosjektet, i samsvar med reglementet i kommunen.

Behandling i Formannskapet

Forslag frå Ove Skaret og Ola Fjelltun:

1. Kommunestyret ser det som svært viktig at det blir ei snarleg løysing på vassforsyninga i Rogne.
2. Kommunestyret tek til etterretning Fylkeslegen si tilråding om ikkje å godkjenne uttak i Mellsenn som ei hygienisk barriere. Kommunestyret vil gje støtte til bygging av eit fullrenseanlegg for Kollstad vassverk med uttak i Mellsenn, jamfør Fylkeslegen si tilråding.
3. Kommunestyret godkjenner at det vert engasjert eit konsulentfirma til å utføre eit forprosjekt som drøftar og foreslår løysingar i forhold til tidlegare godkjent plan for vassforsyning og forsyningsområde i Rogne. Det må i forprosjektet undersøkjast moglege tilskottsordningar og vurderast framtidige eigartilhøve i samarbeidsformer.
4. Finansiering av forprosjektet vert behandla i samband med budsjettrevisjon i kommunestyret i juni i år.
5. Kommunestyret skal godkjenne forprosjektet, i samsvar med reglementet i kommunen.

Det vart røysta alternativt over innstillinga og forslaget frå Skaret og Fjelltun. Forslaget frå Skaret og Fjelltun samrøystes vedteke.

Innstilling til kommunestyret:

1. Kommunestyret ser det som svært viktig at det blir ei snarleg løysing på vassforsyninga i Rogne.
2. Kommunestyret tek til etterretning Fylkeslegen si tilråding om ikkje å godkjenne uttak i Mellsenn som ei hygienisk barriere. Kommunestyret vil gje støtte til bygging av eit fullrenseanlegg for Kollstad vassverk med uttak i Mellsenn, jamfør Fylkeslegen si tilråding.
3. Kommunestyret godkjenner at det vert engasjert eit konsulentfirma til å utføre eit forprosjekt som drøftar og foreslår løysingar i forhold til tidlegare godkjent plan for vassforsyning og forsyningsområde i Rogne. Det må i forprosjektet undersøkjast moglege tilskottsordningar og vurderast framtidige eigartilhøve i samarbeidsformer.
4. Finansiering av forprosjektet vert behandla i samband med budsjettrevisjon i kommunestyret i juni i år.
5. Kommunestyret skal godkjenne forprosjektet, i samsvar med reglementet i kommunen.

Rett møtebok:

B. Hansen



Sak nr. 0045/02

PLAN FOR DRIKKEVATN TIL ROGNE

Ark.: M10

Arkivsaksnr.: 02/00625

Styre / råd / utval	Møtedato	Saknr.
Formannskapet	16.05.2002	0033/02
Kommunestyret	23.05.2002	0045/02

Saksbehandler: Olav Talle

Utskrift til: Sektor for Kultur, utvikling og næring

Bakgrunn for saka

Fylkesmannen har i brev av 14.03.02 konkludert med at vedtak i Øystre Slidre kommunestyre den 13.04.00, sak 32/00, om godkjenning av Mellsenn som råvasskjelde for Kollstad Vassverk AL, må opphevast. Kommunen må ut frå dette vurdere alternative løysingar for drikkevatn til Rogne, og rådmannen ønskjer å setja i gang eit forprosjekt for å utgreie alternative løysingar.

Saksopplysningar

Formannskapet valde i 1992 ei arbeidsgruppe som fekk ansvaret for å få utarbeidd "Hovudplan vassforsyning". Sivilingeniør Carl.H Knudsen AS fekk oppdraget og la fram ein hovudplan for vassforsyning 25. august 1992. I arbeidet med planen vart det vurdert i alt 7 kjelder: 3 overflatekjelder og 4 grunnvasskjelder.

Den 08.10.92 godkjende kommunestyret "Hovudplan vassforsyning" slik:

"Beitostølen - Midtre Hegge

- ° Olevatn utbygges gradvis som hovedkilde for Beitostølen-området.
- ° Olevatn utbygges også for å forsyne Midtre Hegge med med drikkevann under forutsetning av at det blir nyetableringer innen næringsvirksomhet/bebyggelse på strekningen helsesportseneteret-Skammestein.
- ° Dersom ovennevnte forutsetninger ikke er til stede, anbefales grunnvannsreservoaret ved Storåne utbygget for å forsyne Midtre Hegge med drikkevann.

- Beitotjern Vassverk beholdes som reservevannverk.

Heggenes - Volbu - Rogne - Kolstad

- Grunnvann fra Sandtangen utbygges for Heggenes - Volbu - Rogne og med mulighet for å levere vann til Kollstad Vassverk.
- Det bygges fullrenseanlegg for Vindin Vassverk.
- Det bygges separat jordvanningsanlegg for Volbu med inntak i Volbufjorden."

Det vart vald ei eiga nemnd som skulle avklare eigartilhøve/forsyningsområde for dei ulike vassverka, innan dei rammer som hovudplanen sette. Slutføring innan sommaren 1993.

Inntil handlingsplan vart vedteken vedtok kommunestyret å prioritere:

- Nødvendig mindre forsterking som sikrar vassforsyninga på Beitostølen.
- Sikring av kvaliteten på vatnet i Vindin Vassverk, i samsvar med tilrådinga i hovudplanen når det gjeld etappeutbygging i dette forsyningsområdet.

I sak 93/49, den 08.07.93, vedtok kommunestyret: Framtidig vassforsyning i Øystre Slidre, eigartilhøve og forsyningsområde for vassverka og forslag til årlege handlingsplanar for vassforsyningssektoren:

- "1. Vassforsyningsnemnda får mandat til å følgja opp vedtaket i denne saka.
2. Vassforsyningsnemnda vidarefører drøftingane med Ole Vannverk og Kollstad Vassverk slik det går fram av saksutgreiinga framom. Vassforsyningsnemnda slutfører framlegg til avtale med Vindin / Moane Vassverk. Avtalane skal vise tydeleg kva det vil seia å ha eit totalansvar for vassforsyning i sitt forsyningsområde.
Kommunen forlengar avtale med Beito Vannverk om fortsatt levering av vatn til delar av Beitostølen/Garliområdet, samt forhandlar fram ny avtale om framtidig funksjon som reservevasskjelde.
3. Kommunestyret godkjenner forsyningsområda og eigartilhøva som er skissert for dei ulike vassverka.
Ole Vannverk skal ha sitt forsyningsområde frå Garli i nord til Midtre Hegge (Varpet) i sør. Kommunen forhandlar med sikte på kommunal overtaking. Vindin Vassverk skal ha sitt forsyningsområde frå Nordtorp (Varpet) i nord til grense med Kollstad Vassverk i sør (Rogne skule / gnr. 44). Vindin Vassverk skal vera privat. Kollstad Vassverk skal ha sitt forsyningsområde frå Rogne skule / gnr. 44 til Nord-Aurdal grense. Kommunen forhandlar med sikte på at vassverket framleis skal vera privat.
4. Prosjektering av renseanlegg for Vindin kan starte opp no. Kommunalt tilskott kr 700.000,- for 1993.
5. Inntil kr 1.000.000,- vert i 1993 stilt til rådvelde for høgdebasseng og samanknytingsledning på Beitostølen så snart nødvendige avtalar om overtaking av Ole Vannverk er godkjent av kommune og fylkeskommune.

6. Kommunen tek stilling til konkrete løyvingar til vassutbygging ved kvart årsbudsjett. Denne handlingsplanen vert lagt til grunn.
7. Hovudutvalet for teknisk sektor skal leggja fram ei eiga sak om tilsyn, vedlikehald og drift av vassverka i kommunen. Saka skal danne grunnlag for årsbudsjett 1994."

Vurdering

No, 9 år seinare, ser vi at mange av måla i vedtaket frå 1993 er nådde, eller er i ferd med å bli nådde:

- Beito kommunale vassverk har vore i drift nokre år, nye samanbindingsleidningar gjennom Beitostølen sentrum erstattar gamle leidningar med dårleg kapasitet, og vatnet vert ført til nytt høgdebasseng på Garli ved årsskiftet 02/03. Kundane til Beitotjednet vert tilknytt Ole vassverk 1. juli i år.
- Vindin vassverk er utbetra og er den siste tida slått saman med Moane vassverk. Volbu har fått eige jordvatningsanlegg.
- Det er avtale med Kollstad Vassverk AL om levering av drikkevatt til Rogne skule og -barnehage. Leidningen vart ferdig lagd i vår.

Etter at kommunen fekk brev frå Fylkesmannen, har det vore halde møte med styrerepresentantar frå både Kollstad Vassverk AL, den 10.04.02, og Vindin Vassverk, den 18.04.02, for å drøfte løysingar for å skaffe vatn til Rogne.

Det er semje om å setja i gang eit arbeid snarast råd for å vurdere alternative løysingar. Rådmannen er innstilt på å engasjere eit konsulentfirma til å utføre eit forprosjekt som drøftar og foreslår alternative løysingar i forhold til tidlegare godkjend plan for vassforsyning og forsyningsområde, og der det vert sett på nye alternativ for vassforsyning for Rogne. Det må i forprosjektet undersøkjast moglege tilskottsordningar og vurderast framtidige eigartiløve og samarbeidsformer.

Rådmannen rår formannskapet til å legge saka fram for kommunestyret med slik innstilling:

1. Kommunestyret godkjenner at det vert engasjert eit konsulentfirma til å utføre eit forprosjekt som drøftar og foreslår alternative løysingar i forhold til tidlegare godkjend plan for vassforsyning og forsyningsområde, og der det vert sett på nye alternativ for vassforsyning for Rogne.
Det må i forprosjektet undersøkjast moglege tilskottsordningar og vurderast framtidige eigartiløve og samarbeidsformer.
2. Finansiering av forprosjektet vert behandla i samband med budsjettrevisjon i kommunestyret i juni i år.
3. Kommunestyret skal godkjenne forprosjektet, i samsvar med reglementet i kommunen.

Behandling i Formannskapet

Forslag frå Ove Skaret og Ola Fjelltun:

1. Kommunestyret ser det som svært viktig at det blir ei snarleg løysing på vassforsyninga i Rogne.
2. Kommunestyret tek til etterretning Fylkeslegen si tilråding om ikkje å godkjenne uttak i Mellsenn som ei hygienisk barriere. Kommunestyret vil gje støtte til bygging av eit fullrenseanlegg for Kollstad vassverk med uttak i Mellsenn, jamfør Fylkeslegen si tilråding.
3. Kommunestyret godkjenner at det vert engasjert eit konsulentfirma til å utføre eit forprosjekt som drøftar og foreslår løysingar i forhold til tidlegare godkjent plan for vassforsyning og forsyningsområde i Rogne. Det må i forprosjektet undersøkjast moglege tilskottsordningar og vurderast framtidige eigartilhøve i samarbeidsformer.
4. Finansiering av forprosjektet vert behandla i samband med budsjettrevisjon i kommunestyret i juni i år.
5. Kommunestyret skal godkjenne forprosjektet, i samsvar med reglementet i kommunen.

Det vart røysta alternativt over innstillinga og forslaget frå Skaret og Fjelltun. Forslaget frå Skaret og Fjelltun samrøystes vedteke.

Innstilling til kommunestyret:

1. Kommunestyret ser det som svært viktig at det blir ei snarleg løysing på vassforsyninga i Rogne.
2. Kommunestyret tek til etterretning Fylkeslegen si tilråding om ikkje å godkjenne uttak i Mellsenn som ei hygienisk barriere. Kommunestyret vil gje støtte til bygging av eit fullrenseanlegg for Kollstad vassverk med uttak i Mellsenn, jamfør Fylkeslegen si tilråding.
3. Kommunestyret godkjenner at det vert engasjert eit konsulentfirma til å utføre eit forprosjekt som drøftar og foreslår løysingar i forhold til tidlegare godkjent plan for vassforsyning og forsyningsområde i Rogne. Det må i forprosjektet undersøkjast moglege tilskottsordningar og vurderast framtidige eigartilhøve i samarbeidsformer.
4. Finansiering av forprosjektet vert behandla i samband med budsjettrevisjon i kommunestyret i juni i år.
5. Kommunestyret skal godkjenne forprosjektet, i samsvar med reglementet i kommunen.

Behandling i Kommunestyret

Torleiv Sig. Hovi (Ap) og Gunnar thue (H) sette fram slikt forslag til endring av pkt. 5:

Kommunestyret skal godkjenne ferdig forprosjekt i samsvar med reglementet i kommunen før utgangen av 2002.

Kommunestyret vedtok pkt. 1 – 4 i innstillinga frå formannskapet. Samrøystes.

På pkt. 5 røysta kommunestyret deretter alternativt over innstillinga frå formannskapet of forslaget frå Hovi og Thue. Forslaget frå Hovi og Thue vart samrøystes vedteke.

VEDTAK:

1. Kommunestyret ser det som svært viktig at det blir ei snarleg løysing på vassforsyninga i Rogne.
2. Kommunestyret tek til etterretning Fylkeslegen si tilråding om ikkje å godkjenne uttak i Mellsenn som ei hygienisk barriere. Kommunestyret vil gje støtte til bygging av eit fullrenseanlegg for Kollstad vassverk med uttak i Mellsenn, jamfør Fylkeslegen si tilråding.
3. Kommunestyret godkjenner at det vert engasjert eit konsulentfirma til å utføre eit forprosjekt som drøftar og foreslår løysingar i forhold til tidlegare godkjent plan for vassforsyning og forsyningsområde i Rogne. Det må i forprosjektet undersøkjast moglege tilskottsordningar og vurderast framtidige eigartilhøve i samarbeidsformer.
4. Finansiering av forprosjektet vert behandla i samband med budsjettrevisjon i kommunestyret i juni i år.
5. Kommunestyret skal godkjenne forprosjektet i samsvar med reglementet i kommunen før utgangen av 2002.

Rett møtebok:

B. Hansen



Sak nr. 0002/03

PLAN FOR DRIKKEVATN TIL ROGNE

Ark.: M10

Arkivsaksnr.: 02/00625

Styre / råd / utval	Møtedato	Saknr.
Formannskapet	16.05.2002	0033/02
Kommunestyret	23.05.2002	0045/02
Formannskapet	09.01.2003	0002/03

Saksbehandler: Olav Talle

Utskrift til: Sektor for Kultur, utvikling og næring

Bakgrunn for saka

Oppfølging av vedtak i sak 45/02 i kommunestyret, den 23.05.02.

Saksopplysningar

Kommunestyret gjorde i sak 45/02, den 23.05.02, følgjande vedtak:

1. Kommunestyret ser det som svært viktig at det blir ei snarleg løysing på vassforsyninga i Rogne.
2. Kommunestyret tek til etterretning Fylkeslegen si tilråding om ikkje å godkjenne uttak i Mellsenn som ei hygienisk barriere. Kommunestyret vil gje støtte til bygging av eit fullrenseanlegg for Kollstad vassverk med uttak i Mellsenn, jamfør Fylkeslegen si tilråding.
3. Kommunestyret godkjenner at det vert engasjert eit konsulentfirma til å utføre eit forprosjekt som drøftar og foreslår løysingar i forhold til tidlegare godkjent plan for vassforsyning og forsyningsområde i Rogne. Det må i forprosjektet undersøkjast moglege tilskottsordningar og vurderast framtidige eigartilhøve i samarbeidsformer.
4. Finansiering av forprosjektet vert behandla i samband med budsjettrevisjon i kommunestyret i juni i år.
5. Kommunestyret skal godkjenne forprosjektet i samsvar med reglementet i kommunen før utgangen av 2002.

Den 3. juni i 02 hadde kommunen møte med fylkesmannen der det vart drøfta kva som må gjerast for å få godkjent Mellsenn som framtidig drikkevasskjelde for Rogne.

Konklusjon frå møtet:

1. Krav om fullreinsing av drikkevatn frå Mellsenn.

2. Dersom det vert sett i verk fullreinsing av vatnet, vil ikkje fylkesmannen stille krav om andre restreksjonar i nedbørfeltet til Mellsenn.
3. Kommunen skal, i samarbeid med fylkesmannen, utarbeide plan for, og ta, vassprøvar frå Mellsenn i tida framover.
4. Kommunen vil kartleggje evt. ulovlege tilkoplingar til drikkevatt og avløp på hytter og stølar i nedbørfeltet.
5. Kommunen får utarbeidd eit forprosjekt som omfattar plan for vatn frå Mellsenn, med fullreinsing av vatnet. I tillegg oppdaterer kommunen kostnadstala ved dei to andre alternativa til drikkevatt til Rogne: Vidareføring av Vindin vassverk sørover til Rogne og bruk av Sandtangen i Volbufjorden.

Etter tilbodsrunde, vart Norconsult AS engasjert til å utarbeide eit forprosjekt. Forprosjektet vart levert kommunen 1.11.02 og vart presentert både for formannskapet og kommunestyret i november 2002.

I tillegg til rapporten har Norconsult rekna på kostnadene med ei trinnvis utbygging:

	Investeringskostnader full utbygging av hovudledningsnett, jfr. forprosjektet (mill. kr)	Investeringskostnader framføring av vatn til Kolstad vassverk sitt forsyningsområde i dag (mill. kr)	Investeringskostnader framføring av vatn til Kolstad vassverk sitt forsyningsområde frå noverande Vindin vassverk (mill. kr)
Alternativ 1: Forsyning frå Mellsenn	57,0	22,7	-
Alternativ 2: Forsyning frå Sandtangen	49,1	32,4	24,0
Alternativ 3A: Forsyning frå Vindin med utviding av vass- behandlinga	52,1	-	24,0

Ved alternativ 2 ser ein for seg ei 3-trinns utbygging, slik:

1. Framføring frå Vindin vassverk til Kolstad vassverk sitt forsyningsområde: 24,0 mill. kr.
2. Kople Sandtangen til ledning til Kolstad vassverk sitt forsyningsområde
(32,4 - 24,0) mill. kr 8,4 mill. kr
3. Dekke område mellom Moane og Kolstad vassverk sitt forsyningsområde
(49,1 - 32,4) 16,7 mill. kr

Sum 49,1 mill. kr

I desember 2002 var det orienterings- og drøftingsmøte med Kolstad vassverk og Vindin vassverk.

For å følgje opp det som kom fram på desse møta, har kommunen og Norconsult AS i møte drøfta slike vidare undersøkingar for å få eit betre grunnlag til val av alternativ:

1. Vurdere kapasitet ved Vindin vassverk ved forsyning til Kolstad vassverk sitt område.
Konklusjon: Norconsult tek kontakt med Vindin vassverk, v.Åge Windingstad.
2. Løysing med gjennomgåande ledning frå Moane, gjennom øvre del av Rognebygda, ved utbygging av 1. etappe mot Kolstad vassverk sitt område.
Konklusjon: Norconsult vil rekne kostnadene ved dette alternativet.
3. Opplegg for prøvepumping ved Sandtangen ved låg vasstand (mars 03).
Konklusjon:
 - Oppmåling av brønn og peilerør. Ansvar: Kommunen.
 - Vurdering av behov for fleire peilerør, opplegg for prøvepumping.Oppfølging: Norconsult tek kontakt med, og bestiller, hydrolog Rohr Torp og Hallingdal Brønnboring.
4. Vindin vassverk - dokumentasjon av råvasskvalitet.
Konklusjon: Kommunen syter for å få ta regelmessige prøver av råvasskvaliteten, før inntaket til behandlingsanlegget.

Vurdering

Rådmannen ser det som viktig at det vert gjort nærare undersøkingar som nemnt ovafor (punkt 1 - 4) for å få eit best mogleg grunnlag til val av alternativ. Når dette er utført vil formannskapet få ei eiga sak med forslag til val av framtidig løysing for framføring av drikkevatn til Rogne.

Rådmannen legg saka fram for formannskapet med slikt forslag til vedtak

Formannskapet godkjenner at det vert utført nærare undersøkingar som nemnt i punkt 1-4 ovafor, før det vert teke stilling til val av framtidig løysing for framføring av drikkevatn til Rogne:

1. Vurdere kapasitet ved Vindin vassverk ved forsyning til Kolstad vassverk sitt område.
2. Vurdere løysing med gjennomgåande ledning frå Moane, gjennom øvre del av Rognebygda, ved utbygging av 1. etappe mot Kolstad vassverk sitt område.
3. Prøvepumping ved Sandtangen ved låg vasstand (mars 03).
4. Dokumentasjon av råvasskvalitet ved Vindin vassverk.

Behandling i Formannskapet

Ola Fjelltn sette fram slikt forslag:

Formannskapet har vurdert alle sider ved rapporten frå Nordkonsult. Den store kostnaden gjer at prosjektet må delast i fleire etappar, og det er 1. prioritet å skaffe Kollstad vassverk godt vatn snarast råd. Dette gjer at Mellsenn blir vald som forsyningskjelde for framtidig vassforsyning frå sør. Hensynet til vassforsyningsberedskap og framtidige energikostnader veg og tungt i vurderinga.

Formannskapet ber om at det blir lagt fram sak for kommunestyret om godkjenning av Mellsenn.

Formannskapet ber administrasjonen utarbeide søknad til fylkeskommunen og utlyse forprosjektet.

Det vart røysta alternativt over forslaget frå rådmannen og forslaget frå Ola Fjelltn. Forslaget frå rådmannen vart vedteke med 3 mot 2 røyster.

VEDTAK:

Formannskapet godkjenner at det vert utført nærare undersøkingar som nemnt i punkt 1-4 ovafor, før det vert teke stilling til val av av framtidig løysing for framføring av drikkevatt til Rogne:

1. Vurdere kapasitet ved Vindin vassverk ved forsyning til Kolstad vassverk sitt område.
2. Vurdere løysing med gjennomgåande ledning frå Moane, gjennom øvre del av Rognebygda, ved utbygging av 1. etappe mot Kolstad vassverk sitt område.
3. Prøvepumping ved Sandtangen ved låg vasstand (mars 03).
4. Dokumentasjon av råvasskvalitet ved Vindin vassverk.

Rett møtebok:

B. Harskin



Sak nr. 0041/03

PLAN FOR DRIKKEVATN TIL ROGNE

Ark.: M10

Arkivsaksnr.: 02/00625

Styre / råd / utval	Møtedato	Saknr.
Formannskapet	16.05.2002	0033/02
Kommunestyret	23.05.2002	0045/02
Formannskapet	09.01.2003	0002/03
Formannskapet	12.06.2003	0041/03
Kommunestyret		/

Saksbehandler: Birger Skogstad

Utskrift til: Sektor for Kultur, utvikling og næring

Vedlegg:

Bakgrunn for saka

Oppfølging av vedtak i sak 45/02 i kommunestyret, den 23.05.02 og vedtak i sak 02/03 i formannskapet, den 09.01.03

Saksopplysningar

Formannskapet gjorde slikt vedtak den 09.01.03 i sak 02/03:

Formannskapet godkjenner at det vert utført nærare undersøkjingar som nemnt i punkt 1-4 ovafor, før det vert teke stilling til val av av framtidig løysing for framføring av drikkevatt til Rogne:

1. Vurdere kapasitet ved Vindin vassverk ved forsyning til Kolstad vassverk sitt område.
2. Vurdere løysing med gjennomgåande ledning frå Moane, gjennom øvre del av Rognebygda, ved utbygging av 1. etappe mot Kolstad vassverk sitt område.
3. Prøvepumping ved Sandtangen ved låg vasstand (mars 03).
4. Dokumentasjon av råvasskvalitet ved Vindin vassverk

Nye utgreiingar

Norconsult har no ferdigstilt rapporten "Vannforsyning til Rogne og Kollstad. Vurdering av vannkilder", dagsett 16.05.03 (utsendt tidlegare). Rapporten er en sammenstilling av den

rapporten som lå føre ved handsaminga i formannskapet i januar og av dei utgreiingane konsulenten har gjort i etterkant, som oppfølgjing av vedtaket i formannskapet.

Det er gjennomført prøvepumping ved Sandtangen. NGU har som oppdrag å gjennomføre undersøkinga. Rapporten vil først ligge føre til møtet i formannskapet 12.06.03. Resultata ser likevel så langt ut til å vere positive både med omsyn til mengde og kvalitet.

Kommunen har sendt brev til Folkehelseinstituttet for å få deira uttale til fylgjande: Vurdering av Mellsenn som vasskjelde, evt krav til reinsing, vurdering av alternative løysingar for vassbehandling og klausulering/restriksjonar rundt Mellsenn ved desse løysingane. Det er bedt om at kommunen skal ha uttala i hende innen 10.06.03 slik at den ligg føre til møtet i formannskapet 12.06.03.

Alternativ som er vurdert

Norconsult har vurdert følgjande alternativ:

1 A	Forsyning frå Mellsenn. Vassbehandling basert på membranfiltrering. Ny leidning frå Mellsenn til vassbehandlingsanlegget.
1 B	Forsyning frå Mellsenn. Vassbehandling basert på 2 etterfølgjande trinn med UV-behandling. Ny leidning frå Mellsenn til vassbehandlingsanlegg.
1 C	Forsyning frå Mellsenn. Vassbehandling basert på 2 etterfølgjande trinn med UV-behandling. Eksisterende inntaksledning benyttes
2	Forsyning frå Sandtangen. Vassbehandling basert på UV-behandling
3 A	Forsyning frå Vindin med utvidelse av vassbehandling
3 B	Forsyning frå Vindin utan utvidelse av vassbehandling
4	Forsyning frå Mellsenn og Vindin. Vindin: Utan utvidelse av vassbehandlingsanlegget Mellsenn: Vassbehandling basert på 2 etterfølgjande trinn med UV-behandling Eksisterende inntaksledning benyttes

Skildringa av kvart alternativ og vurderinga av dei går fram av rapporten og vert ikkje referert her.

Det er berekna investeringskostnader og årskostnader for dei ulike alternativa. Årskostnadene inkluderer både driftskostnader og årlege kapitalkostnader. Kostnadene er vurdert i to alternativ, "full utbygging" der hovudleidningsnett gjennom heile forsyningsområdet er bygd, og "1. etappe" som er ein minsteløysing for å få fram vatn til noverande abonnentar på Kollstad vassverk.

Norconsult har berekna følgjande kostnader (ekskl. mva):

	Investeringskostnader "full utbygging" (mill kr)	Investeringskostnader 1. etappe-framføring av vann til Rogne	Årskostnader (mill. kr) "full utbygging"
Alternativ 1A- forsyning fra Mellsenn Vannbehandling basert på membranfiltrering Ny ledning fra Mellsenn til vannbehandlingsanlegg	43,1	21,8	4,1
Alternativ 1B- forsyning fra Mellsenn Vannbehandling basert på 2 etterfølgende trinn med UV-behandling Ny ledning fra Mellsenn til vannbehandlingsanlegg	41,1	19,7	3,8


Alternativ 1C- forsyning fra Mellsenn Vannbehandling basert på 2 etterfølgende trinn med UV-behandling Eksisterende inntaksledning benyttes	32,2	15,9	3,1
Alternativ 2 – forsyning fra Sandtangen	35,6	24,3	3,4
Alternativ 3 A- forsyning fra Vindin med utvidelse av vannbehandlingen	37,6	24,1	4,1
Alternativ 3 B- forsyning fra Vindin uten utvidelse av vannbehandlingsanlegget	33,1	24,1	3,2
Alternativ 4 – forsyning fra Mellsenn og Vindin Vindin: Uten utvidelse av vannbehandlingsanlegget Mellsenn: Vannbehandling basert på 2 etterfølgende trinn med UV- behandling. Eksisterende inntaksledning benyttes	31,1	14,1	3,0

Kostnadene inkluderer ikkje leidningsnett ut frå hovudleidningsnettet, erverv av rettar, evt. kostnader ved klausulering eller bygging av avløpsanlegg.

Konsekvensar for årsavgift

Norconsult har rekna på konsekvensane for årsavgifta av ei utbygging. Dei har rekna på to alternativ, forsyning frå Sandtangen (alt. 2) og frå Mellsenn og Vindin (alt. 4).

Basert på dei føresetnader Norconsult har gjort, får dei følgjande resultat:



Utrekninga er gjort for å samanlikne konsekvensane for gebyret av dei to alternative utbyggingane. Nivået for gebyret vil avhenge av ei rekkje tilhøve (m.a. inntekter frå tilkoplingsavgifter, kor mange nye abonnentar som kjem til, investeringar i andre område), men desse tilhøva endrar i mindre grad forholdet mellom alternativa.

Kostnader til klausulering og evt. erstatning er ikkje inkludert i utrekninga.

Konsekvensar for økonomien til kommunen

Ei utbygging må lånefinansierast. Uavhenging av alternativ vil ei utbygging difor auke gjelda til kommunen vesentleg. Det må vere ein føresetnad at kommunen held eit avgiftsnivå som gjev dekningsgrad på 100%; under den føresetnaden vil låneopptaket ikkje påverke økonomien i kommunen elles.

Vurdering

Dei ulike alternativa, kostnader og klausulering

Rådmannen syner til rapporten frå Norconsult når det gjeld vurderinga av dei ulike alternativa.

Eigarskap til vassforsyningssystemet

Dersom Sandtangen vert valt, føreset rådmannen at kommunen vert eigar av vassforsyningssystemet frå grense mot Vindin vassverk sitt område og sørover til og med Kollstad vassverk. Dette vil og omfatte Ringåne vassverk og evt andre private vassverk. For å ivareta pliktene etter Drikkevassforskriften, er det naudsynt med ein eigar. Kommunen bør også vera eigar dersom eitt av alternativa 1 A-C vert valt. For alt 4. kunne ein tenke seg at Kollstad og Vindin vassverk bygde ut og eigde kvar sine vassforsyningssystem. Realisering av utbygging føreset venteleg kommunal medfinansiering og kommunen bør då også ha inntekter, noko som tilseier kommunalt eigarskap også med dette alternativet.

Krav om tilkopling

Kommunen kan krevje tilkopling for alle abonnentar som ligg i rimeleg avstand frå det leidningsnett som etterkvart vert bygd. Rådmannen meiner det er ein føresetnad for ei utbygging – uavhengig av alternativ – at kommunen konsekvent krev slik tilkopling. Viss ikkje, vil det finansielle grunnlaget for utbygginga verte svekkja.

Konklusjon

Sandtangen er eit godt alternativ. Grunnvatn er det ideelle råvatn, betre enn dei andre alternativa og med godt naturleg vern. Etableringa av inntaket og naudsynt klausulering er lite konfliktskytt. Anleggskostnadene er høge for eit første utbyggingstrinn, medan dette er eit økonomisk gunstig alternativ ved full utbygging. Norconsult anbefaler dette alternativet.

Rådmannen vurderer alternativa med forsyning frå Mellsenn som lite attraktive. Både 1A og 1B har høge anleggs- og årskostnader. Norconsult tilrår ikkje alternativ 1C fordi eksisterande råvassleidning frå Ygna ikkje har tilstrekkeleg kapasitet. I tillegg er det uvisst om ein vil få godkjent Mellsenn som råvasskjelde, særleg utan fullrensing (som i alt. 1B og 1C). Det er (i alle fall inntil vurderinga åt Folkehelsa ligg føre) uvisst kva som vil krevjast av restriksjonar i nedslagsfeltet. Vidare vil dette vere konfliktskytt løysingar i forhold til å erverve rett til uttak av vatn og i forhold til klausulering.

Rådmannen rår difor ikkje til å velje nokre av alternativa med forsyning frå Mellsenn.

Alternativa med forsyning frå Vindin har høge anleggs- og årskostnader. Vindin er ei dårlegare råvasskjelde enn dei andre alternativa. Det er ikkje avklara om Vindin på permanent basis kan godkjennast med nytt utvida forsyningsområde utan fullreinsing, det er følgeleg uvisst om 3B er noko alternativ.

Rådmannen rår difor ikkje til å velje nokre av alternativa med (permanent) forsyning frå Vindin.

Alternativet med delt forsyning frå Mellsenn og Vindin (alternativ 4) har dei lågaste anleggs- og årskostnadene, særleg gjeld det for ein første etappe med framføring til Kolstad. Løysinga føreset at ein kan oppnå godkjenning utan fullreinsing, med fullreinsing er dette alternativet uaktuelt på grunn av kostnadsnivået. Det er uvisst om ein vil få godkjent dette valet av råvassskjelde. Det er, som for alternativ 1, uvisst kva som vil krevjast av restriksjonar i nedslagsfeltet. Vidare vil dette vere ein konfliktfylte løysing i forhold til å erverve rett til uttak av vatn og i forhold til klausulering. Ved full utbygging er investeringskostnaden berre 3 mill kr lågare enn med Sandtangen.

Årsavgifta vil verte noko høgare med Sandtangen enn med alternativ 4, men forskjellen vil jamnast ut ved full utbygging. Etter utrekningane til Norconsult er skilnaden på det maksimale ikkje større enn om lag 300 kr/år for ein bustad (forbruk 150 m³), det er berre eitt einskild år skilnaden vil vere så stor og det er ikkje meir enn 2 år at skilnaden er større enn 200 kr.

Rådmannen meiner ein ved ei så stor investering må legge avgjerande vekt på ei framtidsretta løysing med høg kvalitet på vatnet og god sikkerheit for denne kvaliteten.

På denne bakgrunn rår rådmannen til å velje Sandtangen.

Rådmannen rår formannskapet til å legge saka fram for kommunestyret med slik innstilling

1. Kommunestyret vedtek å velje Sandtangen som framtidig råvassskjelde for Rogne og Kollstad.
2. Det vert lagt opp til ei stegvis utbygging gjennom mellombels forsyning frå Vindin til Kollstad vassverk før grunnvassskjelde og behandlingsanlegg vert bygd.
3. Kommunen skal vere vassverkseigar for heile vassforsyningssystemet frå og med Sandtangen og tilkoplingspunktet til Vindin og sørover.
4. Rådmannen arbeidar vidare med planlegging av utbygginga, herunder:
 - innhenting av tilbod på forprosjekt og prosjektering
 - godkjenning etter drikkevassforskriften
 - tingingar med vassverka om avtaler
 - erverv av rettar

Behandling i Formannskapet

Følgjande dokument vart utdelt i møtet:

1. Vedlegg nr. 5 i rapporten frå Norconsult (16.05.03): "Kommentar til notat fra UNIK filtersystem til rapport utarbeidet på oppdrag fra Kolstad vannverk datert november 2002."
2. Brev til Norconsult fra NGU (05.06.03): "Sandtangen, vurdering av prøvepumpingsresultater 2003. Foreløpig rapport".
3. Brev til kommunen fra Folkehelseinstituttet (11.06.03) " Plan for drikkevann til Rogne".

Ola Fjelltun la fram slikt forslag:

Formannskapet meiner ei framtidig vassforsyning frå Mellsenn er mest framtidsretta for bebruarane i Kolstad og fram til og med Ringåne vassverk.

Formannskapet går difor inn for alternativ 1 A i saksframstillinga. Formannskapet tek atterhald om det er naudsynt med fullrenseanlegg.

Knut Oddvar Rogne la fram slikt forslag:

Plan for drikkevatn til Rogne må opp tilo ny vurdering, der andre alternativ frå 1985 og 1987 blir vurdert på nytt.

Forslaget fra Knut Oddvar Rogne fall med 4 mot 1 røyst.

Forslaget frå Ola Fjelltun fall med 4 mot 1 røyst.

Innstillinga frå rådmannen vart vedteke med 3 mot 2 røyster.

Innstilling til kommunestyret:

1. Kommunestyret vedtek å velje Sandtangen som framtidig råvasskjelde for Rogne og Kollstad.
2. Det vert lagt opp til ei stegvis utbygging gjennom mellombels forsyning frå Vindin til Kollstad vassverk før grunnvasskjelde og behandlingsanlegg vert bygd.
3. Kommunen skal vere vassverkseigar for heile vassforsyningssystemet frå og med Sandtangen og tilkoplingspunktet til Vindin og sørover.
4. Rådmannen arbeidar vidare med planlegging av utbygginga, herunder:
 - innhenting av tilbod på forprosjekt og prosjektering
 - godkjenning etter drikkevassforskriften
 - tingingar med vassverka om avtaler
 - erverv av rettar

Rett møtebok:





Sak nr. 0038/03

PLAN FOR DRIKKEVATN TIL ROGNE

Ark.: M10

Arkivsaksnr.: 02/00625

Styre / råd / utval	Møtedato	Saknr.
Formannskapet	16.05.2002	0033/02
Kommunestyret	23.05.2002	0045/02
Formannskapet	09.01.2003	0002/03
Formannskapet	12.06.2003	0041/03
Kommunestyret	26.06.2003	0038/03

Saksbehandler: Birger Skogstad

Utskrift til: Sektor for Kultur, utvikling og næring

Vedlegg:

Bakgrunn for saka

Oppfølging av vedtak i sak 45/02 i kommunestyret, den 23.05.02 og vedtak i sak 02/03 i formannskapet, den 09.01.03

Saksopplysningar

Formannskapet gjorde slikt vedtak den 09.01.03 i sak 02/03:

Formannskapet godkjenner at det vert utført nærare undersøkingar som nemnt i punkt 1-4 ovafor, før det vert teke stilling til val av av framtidig løysing for framføring av drikkevatt til Rogne:

1. Vurdere kapasitet ved Vindin vassverk ved forsyning til Kolstad vassverk sitt område.
2. Vurdere løysing med gjennomgåande ledning frå Moane, gjennom øvre del av Rognebygda, ved utbygging av 1. etappe mot Kolstad vassverk sitt område.
3. Prøvepumping ved Sandtangen ved låg vasstand (mars 03).
4. Dokumentasjon av råvasskvalitet ved Vindin vassverk

Nye utgreiingar

Norconsult har no ferdigstilt rapporten "Vannforsyning til Rogne og Kollstad. Vurdering av vannkilder", dagsett 16.05.03 (utsendt tidlegare). Rapporten er en sammenstilling av den

rapporten som lå føre ved handsaminga i formannskapet i januar og av dei utgreiingane konsulenten har gjort i etterkant, som oppfølging av vedtaket i formannskapet.

Det er gjennomført prøvepumping ved Sandtangen. NGU har som oppdrag å gjennomføre undersøkinga. Rapporten vil først ligge føre til møtet i formannskapet 12.06.03. Resultata ser likevel så langt ut til å vere positive både med omsyn til mengde og kvalitet.

Kommunen har sendt brev til Folkehelseinstituttet for å få deira uttale til fylgjande: Vurdering av Mellsenn som vasskjelde, evt krav til reinsing, vurdering av alternative løysingar for vassbehandling og klausulering/restriksjonar rundt Mellsenn ved desse løysingane. Det er bedt om at kommunen skal ha uttala i hende innen 10.06.03 slik at den ligg føre til møtet i formannskapet 12.06.03.

Alternativ som er vurdert

Norconsult har vurdert følgjande alternativ:

1 A	Forsyning frå Mellsenn. Vassbehandling basert på membranfiltrering. Ny leidning frå Mellsenn til vassbehandlingsanlegget.
1 B	Forsyning frå Mellsenn. Vassbehandling basert på 2 etterfølgjande trinn med UV-behandling. Ny leidning frå Mellsenn til vassbehandlingsanlegg.
1 C	Forsyning frå Mellsenn. Vassbehandling basert på 2 etterfølgjande trinn med UV-behandling. Eksisterende inntaksledning benyttes
2	Forsyning frå Sandtangen. Vassbehandling basert på UV-behandling
3 A	Forsyning frå Vindin med utvidelse av vassbehandling
3 B	Forsyning frå Vindin utan utvidelse av vassbehandling
4	Forsyning frå Mellsenn og Vindin. Vindin: Utan utvidelse av vassbehandlingsanlegget Mellsenn: Vassbehandling basert på 2 etterfølgjande trinn med UV-behandling Eksisterende inntaksledning benyttes

Skildringa av kvart alternativ og vurderinga av dei går fram av rapporten og vert ikkje referert her.

Det er berekna investeringskostnader og årskostnader for dei ulike alternativa. Årskostnadene inkluderer både driftskostnader og årlege kapitalkostnader. Kostnadene er vurdert i to alternativ, "full utbygging" der hovudleidningsnett gjennom heile forsyningsområdet er bygd, og "1. etappe" som er ein minsteløysing for å få fram vatn til noverande abonnentar på Kollstad vassverk.

Norconsult har berekna følgjande kostnader (ekskl. mva):

	Investeringskostnader "full utbygging" (mill kr)	Investeringskostnader 1.etappe-framføring av vann til Rogne	Årskostnader (mill.kr) "full utbygging"
Alternativ 1A- forsyning fra Mellsenn Vannbehandling basert på membranfiltrering Ny ledning fra Mellsenn til vannbehandlingsanlegg	43,1	21,8	4,1
Alternativ 1B- forsyning fra Mellsenn Vannbehandling basert på 2 etterfølgende trinn med UV-behandling Ny ledning fra Mellsenn til vannbehandlingsanlegg	41,1	19,7	3,8


Alternativ 1C- forsyning fra Mellsenn Vannbehandling basert på 2 etterfølgende trinn med UV-behandling Eksisterende inntaksledning benyttes	32,2	15,9	3,1
Alternativ 2 – forsyning fra Sandtangen	35,6	24,3	3,4
Alternativ 3 A- forsyning fra Vindin med utvidelse av vannbehandlingen	37,6	24,1	4,1
Alternativ 3 B- forsyning fra Vindin uten utvidelse av vannbehandlingsanlegget	33,1	24,1	3,2
Alternativ 4 – forsyning fra Mellsenn og Vindin Vindin: Uten utvidelse av vannbehandlingsanlegget Mellsenn: Vannbehandling basert på 2 etterfølgende trinn med UV- behandling. Eksisterende inntaksledning benyttes	31,1	14,1	3,0

Kostnadene inkluderer ikkje leidningsnett ut frå hovudleidningsnettet, erverv av rettar, evt. kostnader ved klausulering eller bygging av avløpsanlegg.

Konsekvensar for årsavgift

Norconsult har rekna på konsekvensane for årsavgifta av ei utbygging. Dei har rekna på to alternativ, forsyning frå Sandtangen (alt. 2) og frå Mellsenn og Vindin (alt. 4).

Basert på dei føresetnader Norconsult har gjort, får dei følgjande resultat:



Utrekninga er gjort for å samanlikne konsekvensane for gebyret av dei to alternative utbyggingane. Nivået for gebyret vil avhenge av ei rekkje tilhøve (m.a. inntekter frå tilkoplingsavgifter, kor mange nye abonnentar som kjem til, investeringar i andre område), men desse tilhøva endrar i mindre grad forholdet mellom alternativa.

Kostnader til klausulering og evt. erstatning er ikkje inkludert i utrekninga.

Konsekvensar for økonomien til kommunen

Ei utbygging må lånefinansierast. Uavhenging av alternativ vil ei utbygging difor auke gjelda til kommunen vesentleg. Det må vere ein føresetnad at kommunen held eit avgiftsnivå som gjev dekningsgrad på 100%; under den føresetnaden vil låneopptaket ikkje påverke økonomien i kommunen elles.

Vurdering

Dei ulike alternativa, kostnader og klausulering

Rådmannen syner til rapporten frå Norconsult når det gjeld vurderinga av dei ulike alternativa.

Eigarskap til vassforsyningssystemet

Dersom Sandtangen vert valt, føreset rådmannen at kommunen vert eigar av vassforsyningssystemet frå grense mot Vindin vassverk sitt område og sørover til og med Kollstad vassverk. Dette vil og omfatte Ringåne vassverk og evt andre private vassverk. For å ivareta pliktene etter Drikkevassforskriften, er det naudsynt med ein eigar. Kommunen bør også vera eigar dersom eitt av alternativa 1 A-C vert valt. For alt 4. kunne ein tenke seg at Kollstad og Vindin vassverk bygde ut og eigde kvar sine vassforsyningssystem. Realisering av utbygging føreset venteleg kommunal medfinansiering og kommunen bør då også ha inntekter, noko som tilseier kommunalt eigarskap også med dette alternativet.

Krav om tilkopling

Kommunen kan krevje tilkopling for alle abonnentar som ligg i rimeleg avstand frå det leidningsnett som etterkvart vert bygd. Rådmannen meiner det er ein føresetnad for ei utbygging – uavhengig av alternativ – at kommunen konsekvent krev slik tilkopling. Viss ikkje, vil det finansielle grunnlaget for utbygginga verte svekkja.

Konklusjon

Sandtangen er eit godt alternativ. Grunnvatn er det ideelle råvatn, betre enn dei andre alternativa og med godt naturleg vern. Etableringa av inntaket og naudsynt klausulering er lite konfliktfylt. Anleggskostnadene er høge for eit første utbyggingstrinn, medan dette er eit økonomisk gunstig alternativ ved full utbygging. Norconsult anbefaler dette alternativet.

Rådmannen vurderer alternativa med forsyning frå Mellsenn som lite attraktive. Både 1A og 1B har høge anleggs- og årskostnader. Norconsult tilrår ikkje alternativ 1C fordi eksisterande råvassleidning frå Ygna ikkje har tilstrekkeleg kapasitet. I tillegg er det uvisst om ein vil få godkjent Mellsenn som råvasskjelde, særleg utan fullrensing (som i alt. 1B og 1C). Det er (i alle fall inntil vurderinga åt Folkehelsa ligg føre) uvisst kva som vil krevjast av restriksjonar i nedslagsfeltet. Vidare vil dette vere konfliktfylte løysingar i forhold til å erverve rett til uttak av vatn og i forhold til klausulering.

Rådmannen rår difor ikkje til å velje nokre av alternativa med forsyning frå Mellsenn.

Alternativa med forsyning frå Vindin har høge anleggs- og årskostnader. Vindin er ei dårlegare råvasskjelde enn dei andre alternativa. Det er ikkje avklara om Vindin på permanent basis kan godkjennast med nytt utvida forsyningsområde utan fullreinsing, det er følgeleg uvisst om 3B er noko alternativ.

Rådmannen rår difor ikkje til å velje nokre av alternativa med (permanent) forsyning frå Vindin.

Alternativet med delt forsyning frå Mellsenn og Vindin (alternativ 4) har dei lågaste anleggs- og årskostnadene, særleg gjeld det for ein første etappe med framføring til Kolstad. Løysinga føreset at ein kan oppnå godkjenning utan fullreinsing, med fullreinsing er dette alternativet uaktuelt på grunn av kostnadsnivået. Det er uvisst om ein vil få godkjent dette valet av råvasskjelde. Det er, som for alternativ 1, uvisst kva som vil krevjast av restriksjonar i nedslagsfeltet. Vidare vil dette vere ein konfliktfylte løysing i forhold til å erverve rett til uttak av vatn og i forhold til klausulering. Ved full utbygging er investeringskostnaden berre 3 mill kr lågare enn med Sandtangen.

Årsavgifta vil verte noko høgare med Sandtangen enn med alternativ 4, men forskjellen vil jamnast ut ved full utbygging. Etter utrekningane til Norconsult er skilnaden på det maksimale ikkje større enn om lag 300 kr/år for ein bustad (forbruk 150 m³), det er berre eitt einskild år skilnaden vil vere så stor og det er ikkje meir enn 2 år at skilnaden er større enn 200 kr.

Rådmannen meiner ein ved ei så stor investering må legge avgjerande vekt på ei framtidsretta løysing med høg kvalitet på vatnet og god sikkerheit for denne kvaliteten.

På denne bakgrunn rår rådmannen til å velje Sandtangen.

Rådmannen rår formannskapet til å legge saka fram for kommunestyret med slik innstilling

1. Kommunestyret vedtek å velje Sandtangen som framtidig råvasskjelde for Rogne og Kollstad.
2. Det vert lagt opp til ei stegvis utbygging gjennom mellombels forsyning frå Vindin til Kollstad vassverk før grunnvasskjelde og behandlingsanlegg vert bygd.
3. Kommunen skal vere vassverkseigar for heile vassforsyningssystemet frå og med Sandtangen og tilkoplingspunktet til Vindin og sørover.
4. Rådmannen arbeidar vidare med planlegging av utbygginga, herunder:
 - innhenting av tilbod på forprosjekt og prosjektering
 - godkjenning etter drikkevassforskriften
 - tingingar med vassverka om avtaler
 - erverv av rettar

Behandling i Formannskapet

Følgjande dokument vart utdelt i møtet:

1. Vedlegg nr. 5 i rapporten frå Norconsult (16.05.03): "Kommentar til notat fra UNIK filtersystem til rapport utarbeidet på oppdrag fra Kolstad vannverk datert november 2002."
2. Brev til Norconsult fra NGU (05.06.03): "Sandtangen, vurdering av prøvepumpingsresultater 2003. Foreløpig rapport".
3. Brev til kommunen fra Folkehelseinstituttet (11.06.03) " Plan for drikkevann til Rogne".

Ola Fjelltun la fram slikt forslag:

Formannskapet meiner ei framtidig vassforsyning frå Mellsenn er mest framtidsretta for bebuarane i Kolstad og fram til og med Ringåne vassverk. Formannskapet går difor inn for alternativ 1 A i saksframstillinga. Formannskapet tek atterhald om det er naudsynt med fullrenseanlegg.

Knut Oddvar Rogne la fram slikt forslag:

Plan for drikkevatn til Rogne må opp tilo ny vurdering, der andre alternativ frå 1985 og 1987 blir vurdert på nytt.

Forslaget fra Knut Oddvar Rogne fall med 4 mot 1 røyst.

Forslaget frå Ola Fjelltun fall med 4 mot 1 røyst.

Innstillinga frå rådmannen vart vedteke med 3 mot 2 røyster.

Innstilling til kommunestyret:

1. Kommunestyret vedtek å velje Sandtangen som framtidig råvasskjelde for Rogne og Kollstad.
2. Det vert lagt opp til ei stegvis utbygging gjennom mellombels forsyning frå Vindin til Kollstad vassverk før grunnvasskjelde og behandlingsanlegg vert bygd.
3. Kommunen skal vere vassverkseigar for heile vassforsyningssystemet frå og med Sandtangen og tilkoplingspunktet til Vindin og sørover.
4. Rådmannen arbeidar vidare med planlegging av utbygginga, herunder:
 - innhenting av tilbod på forprosjekt og prosjektering
 - godkjenning etter drikkevassforskriften
 - tingingar med vassverka om avtaler
 - erverv av rettar

Behandling i Kommunestyret

Ola Fjelltun sette fram følgjande forslag:

1. Kommunestyret vedtek å velje Mellsenn som framtidig råvasskjelde for Kolstad og Rogne.
2. Kommunestyret går inn for alternativ 1A i saksframstillinga.
3. Kommunen tek opp forhandlingar med Kolstad vassverk om framtidig eigarskap og vidare framdrift.

Knut Oddvar Rogne sette fram følgjande forslag:

Kommunestyret vedtek at tilkopling til vassforsyningsanlegg i Rogne skal vera frivillig.

Knut Oddvar Rogne sette fram følgjande utsettingsforsalg:
Tidlegare anbefalt alternativ med grunnvatn frå nedlagte gruver i Valdres skiferbrudd tas med som nytt alternativ i plan for drikkevatn til Rogne.
Saka blir utsett inntil dette alternativet er vurdert.

Utsettingsforslaget vart tatt opp til avstemming.
Forslaget fall med 20 mot 1 røyst.

Det vart gjennomført slik prøveavstemming:
Innstillinga frå formannskapet fekk 10 røyster.
Forslaget frå Ola Fjelltun fekk 11 røyster.

Forslagene vart teke opp til avstemming:
Innstillinga frå formannskapet fall med 10 mot 11 røyster.
Forslaget frå Ola Fjelltun vart vedteke med 17 mot 4 røyster.
Forslaget frå Knut Oddvar Rogne fall med 1 mot 20 røyster.

VEDTAK:

1. Kommunestyret vedtek å velje Mellsenn som framtidig råvasskjelde for Kolstad og Rogne.
2. Kommunestyret går inn for alternativ 1A i saksframstillinga.
3. Kommunen tek opp forhandlingar med Kolstad vasssverk om framtidig eigarskap og vidare framdrift.

Rett møtebok:

